



Torunn Nilsen  
Bratshaug  
5917 ROSSLAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/692 - 18/14504

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:  
27.06.2018

## Godkjenning av tilskot til grøfting på GBNR 57/1 Sætre

**Administrativt vedtak. Saknr: 147/2018**

### Saksutgreiing:

Torunn Nilsen har 12.03.2018 søkt om tilskot til grøfting på GBNR 57/1. Ho driv foretaket 917123508 på Bratshaug, og 57/1 er leigejord på Sætrevik. Det er søkt om 400 meter usystematisk grøfting. Søknaden er grunngjeve med at dei gamle betongrøyrna i hovudgrøfta har for liten dimensjon og det medfører at delar av innmarka i periodar står under vatn. Dette er problematisk for drift av jordbruksarealet. Det er ynskjeleg å grava ny grøft med 40 cm plastrør i tillegg til gamal grøft for å auka kapasisteten.

Søknaden har vore sendt på høyring til kulturminnestyresmaktene. Det er levert kart med søknaden. Søkjar fekk i 2015 løyvd kr 2250 i tilskot til 150 meter grøfting på denne eigedomen, men ikkje på same stad.

### Vurdering

Tiltaket vil gje ei generell forbetring av jord- og plantekultur, noko som kan gje større avlingar av betre kvalitet. Drenering vil kunne betre utnyttinga av gjødsel og dermed bidra til mindre avrenning av næringssalt og redusert utslepp av klimagasser. For søkjar medfører tiltaket lettare arbeidstilhøve og meir avling gjev betre økonomi.

### Berekning av tilskot

Det er søkt om tilskot til 400 meter usystematisk grøfting a kr 30 pr. lm sum kr. 12 000. Arealet som vert omfatta av grøftinga er på 23 daa. Sum tilskot kr. 12 000,-

## Kulturminne

Søknaden har vore på høyring hjå fylkeskommunen og dei skriv fylgjande i sitt i svar datert 13.06.2013.

*Ut frå våre arkiv kan me ikkje sjå at tiltaket kjem i direkte konflikt med kjente automatisk freda kulturminne, men i nærlieken er det kartfesta fleire forhistoriske lokalitetar med gravminne og SEFRAK-registrerte bygningar og hustufter frå 1800-tallet. Likevel er potensiale for nye funn innanfor det aktuelle området, i denne samanhengen, vurdert til å vera lågt. Me har derfor inga avgjerande merknader i saka, utover at ein under etablering av grøftene søker å unngå inngrep/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steinagardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.*

*Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningsstyremakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført så raskt som råd.*

Grøftinga er difor ikkje vurdert å vera i konflikt med kulturminnelova, men at ein må ta omsyn til steingardar m.m under arbeidet.

## Naturmangfaldlova

Det er gjort søk i Naturbasen og det er ikkje registrert opplysningar om artar eller naturtypar, som kjem i konflikt med dreneringa. Utfrå dette ser ikkje kommunen at grøftinga vil medføra skade på viktige naturverdiar. Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg opplyst for å vurdera konsekvensar dreneringa med tanke på naturverdiar. Administrasjonen kan ikkje sjå at dreneringa vil ha andre negative verknader.

Generelt gjeldt det at alle inngrep som blir gjort i samband med dreneringa, skal utførast mest mogleg varsamt og med omsyn til terren og vegetasjon. Ut frå ei samla vurdering meiner administrasjonen at det er tatt naudsyns omsyn til naturmangfaldet jf §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

## Konklusjon

Drenering er eit viktig klima- og miljøtiltak, og tiltaket vil gje lettare arbeidstilhøve og større avling av betre kvalitet. Det er ikkje registrert at tiltaket kjem i konflikt med viktige kultur- og naturverdiar.

Administrasjonen meiner tiltaket er i tråd med føremålet til forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord og løyver kr. 12 000,-i statstilskot til tiltaket

## Vedtak

Meland kommune løyver inntil kr 12 000 i statstilskot til inntil 400 meter grøfting på GBNR 57/1 til Torunn Nilsen i tråd med søknad motteke 12.03.2018. Vedtaket har heimel i forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord § 5 jf §3. Forskrift om produksjonstilskot §4 og naturmangfaldlova §§ 8-12.

Arbeidsfrist er sett til 01.07.2021

Generelle vilkår for løyvinga:

Dersom ein under gjennomføring av tiltaket støyter på automatisk freda kulturminne, skal arbeidet stansast og regionalt kulturminneforvaltning kontaktast.

Arbeidet skal godkjennast av kommunen, og minst 30 % av tilskotet skal haldast attende til tiltaket er ferdig. Gje difor melding til kommunen når arbeidet er ferdig.

Dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for støtte kan Meland kommune avgjera att tilskot skal betalast tilbake heilt eller delvis.

Kommunen skal godkjenna arbeide,

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæsst.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge  
landbruksjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

**Mottakere:**

Torunn Nilsen

Bratshaug

5917

ROSSLAND